

Fjordane Folkehøgskule

SKULEREGLEMENT 2024/2025

1 Skuleplass og oppholdspengar

1.1 Bekrefta skuleplass

Skuleplassen er stadfesta når du har akseptert tilbodet og betalt kr 2750,- i innmeldingsavgift. Aksepten er bindande frå det tidspunktet angrefristen går ut, som er 14 dagar etter at skuleplassen er bekrefta. Dersom du ynskjer å seif frå deg skuleplassen etter at angrefristen er utløp, vil innmeldingsavgifta ikkje bli refundert.

1.2 Oppholdspengar/skulepengar

Skulepengane på **Movement-X Modern Circus** er kr 123 500,-.

Betalinga gjeld for:

- Kost og losji
- Linjekostnader inkl. linjetur
- Fellesutgifter (internett, bruk av vaskemaskin, kopiering, valfag*, felles materiell, bussleige, laurdagstema etc.)
- Fellesturar innanlands i skulen sin regi.

Eventuelle tillegg i prisen:

- Enkeltrom: kr 675,- per månad
- Enkelte valfag kan ha ein ekstra kostnad

**kostnadane til linjeturane er med etterhald om valutakursendringar før studieturane samt store endringar i flyprisar.

Årskostnaden vert delt i 8 månadlege avdrag, med første forfall 15.09 og siste forfall 15.04.

Dersom du skulle få problem med å følge betalingsplanen, må du informere skulen straks slik at det kan avtalast ei eiga ordning for innbetaling. Utan ein innbetningsavtale med skulen, blir manglande betaling sendt til inkasso og det vil tilkome purregebyr. Manglande betaling av oppholdspengar kan medføre tap av skuleplass og deltaking på skulen sine studieturar/utflukter.

Om du sluttar i løpet av skuleåret, uansett årsak, må du betale skulepengar for dei neste 6 vekene. Planlagde studieturar/utflukter som ikkje kan avbestillast, må betalast i sin heilheit. Det same gjeld andre utgifter som skulen har pådratt seg som kan bli knytt direkte til deg.

1.3 Linjebytte

Dersom du ynskjer å bytte linje må du ta dette opp med inspektør, og ved å sende skriftleg søknad. Det er ingen garanti for at det er ledig plass på andre linjer og at søknaden vil blir godkjend. Planlagde studieturar på linja du vil byte frå og som ikkje kan avbestillast, må betalast i sin heilheit. Du er sjølv ansvarleg for eventuelt auka utgifter på ny linje.

1.4 Læringsmiljø

I samsvar med § 5a i Folkehøgskuleloven har alle elevar rett til eit trygt og forsvarleg læringsmiljø (fysisk og psykisk) som tar vare på elevane sin helse, sikkerheit og velferd.¹

2 Frammøte og fråvær

2.1 Godkjent skoleår

Eit fullt folkehøgskuleår er på minimum 190 dagar fordelt over 33 veker. For å få godkjent skuleåret og to konkurransepoeng for opptak til høgare utdanning er det en forutsetning at ein har 90 % registrert frammøte. Med frammøte meiner vi deltaking i obligatorisk undervisning og aktivitet i skulen regi.²

2.2 Fråvær

Skulen fører fråvær. Spørsmål om din fråværsoversikt skal rettast til inspektør. Du vil bli varslet om du står i fare for å ikkje oppnå 90 % frammøte. Fråvær føres både i dagar og enkelttimar. Bortvising tel med i berekning av fråværsprosenten.

a) Dokumentert fråvær:

Du kan ha inntil 15 dagar dokumentert fråvær. Dokumentert gyldig fråvær som er godkjent i tråd med fråværegrunnane som er lista opp i kulepunktene under, bør søkast kompensert ved elevens eigeninnsats tilrettelagt av skulen.³ For inntil 15 dagar føres ikkje slikt fråvær på vitnemålet.

Følgande fråvær kan innvilgast som dokumentert fråvær:

- Politisk arbeid på regionalt plan eller nasjonalt plan som tillitsvalt i landsdekkande organisasjoner
- Dokumenterte lovpålagte oppmøte, f.eks. som folkevalt eller i en domstol
- Helse- og velferdsgrunnar
- Organisert hjelpearbeid i krisesituasjonar
- Inntil to dagar ved religiøse høgtider for elever som er medlemmer av andre religiøse trussamfunn enn Den norske kyrkje
- Anna spesielt fråvær godkjent av rektor

Sjølvstendig studiearbeid som er avtalt med skulen regnast ikkje som fråvær.⁴

b) Udokumentert fråvær

Du kan ha inntil 19 dagar (10 %) udokumentert fråvær og få godkjent skuleåret. Udokumentert fråvær skal førast på vitnemålet, men du kan krevje at årsaka til fråværet blir ført opp. Du har sjølv ansvar for å dokumentere årsaka og be om at dette blir ført opp.

Du kan, i særlege tilfelle, få godkjent inntil 9,5 dagar (5 %) udokumentert fråvær av rektor, og få godkjent skuleåret, ref. FHSR-rundskriv 10/17:

Om eleven har mellom 10 og 15 prosent udokumentert fråvær og fråværsårsaken eller eleven si utvikling gjennom skuleåret gjer det klart urimeleg at eleven ikkje skal få godkjent skuleåret, kan rektor bestemme at vedkommande likevel skal rekna for å ha fullført folkehøgskuleåret i utdanningsstøttregelverkets forstand.

¹ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-12-06-72>

² <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-10-13-1158>

³ <https://www.folkehogskoleradet.no/>

2.3 Vitnemål

Alle som får godkjent sitt skuleår, får vitnemål. Vitnemålet skal innehalde dokumentasjon over eleven sitt læringsprogram og deltaking. Fråvær førast på vitnemålet i dagar og enkelttimar. Du kan krevje å få påført årsaka til fråværet på vitnemålet.

3 Orden og åtferd

3.1 Generell åtferd

Elevane skal medverke til eit godt lærings- og arbeidsmiljø for alle i skulesamfunnet. Alle skal opptre omtrentsamt overfor andre, og rette seg etter dei lover og reglar som til ein kvar tid gjeld for skulen og elles i samfunnet. Elevane skal bidra til å halde det reint og ryddig på skulens inne- og uteområde, og ta godt vare på alt utstyr som tilhørar skulen.

Vold, truslar, truande åtferd, seksuell trakassering/overgrep og tjuveri er forbode og skal ikkje førekomme. Mobbing, diskriminering eller krenkande språkbruk aksepterast ikkje i nokon form, verken verbalt, fysisk eller digitalt.

3.2 Orden og reinhold

Du er forplikta til å halde eige rom ryddig og reint. Alle elevar deltek i vask av fellesrom på paviljong, internat og skulebygg etter eigen turnus. Før og etter måltid og arrangement kan du måtte delta på rydding og vask. Dersom du mistar eller øydelegg nøklar, må du erstatte desse.

3.3 Tilgang til elevrom

Du har rett til privatliv og internatromma er i skoleåret ditt private rom. Tilsette har berre tilgang til ditt rom ved bekymring for liv og helse og/eller ved særskilte tilfelle. Du pliktar også å gi skulen sine representantar tilgang til rommet ditt for tilsyn. Dette gjelder dersom det er behov for å gjennomføre pliktig vedlikehald eller anna arbeid som må utførast for å hindre skade på rommet eller eigedomen.

3.3 Hærverk

Om du utøver hærverk eller øydelegg noko utilsikta, vil du bli pålagt å utbetre skaden dersom utbetringa består i opprydding/arbeid du har forutsetning for å klare. Du vil i tillegg bli halden erstatningsansvarleg, og kan i tillegg få disciplinærreaksjon.

3.4 Våpen og farlege gjenstandar

Det er forbode å oppbevare våpen, våpenliknande gjenstandar, ammunisjon og andre farlege gjenstandar (knivar, sprengstoff, fyrverkeri mv.) på skulens område utan etter nærmare avtale.

3.5 Nattero

Av omsyn til medelevar og tilsette skal det være nattero mellom kl. 2300 og 06.30 på skulens inne- og uteområde.

3.6 Dyrehold

Det er ikkje tillat å ta med kjæledyr eller andre dyr på skulens område utan nærmare avtale.

3.7 Gjester og overnatting borte frå internatet

Om du skal ha gjester eller besøk på overnatting, skal dette avtalast paviljonglærar. Besøkande skal gjerast kjend med skulens branninstruks. Om du skal overnatte vekke frå skulen, må du skrive deg ut ved å sende melding til tilsynslærarar. Elevar som ikkje er myndige, må framvise skriftleg løyve frå føresette ved overnatting på anna stad enn internatet.

3.8 Klesplagg mv.

I samsvar med Folkehøgskuleloven § 5b kan du ikke nytte klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet i undervisninga og på turar i skulens regi, med mindre bruken av slike plagg er naudsynt av klimatiske, pedagogiske, helsemessige og/eller sikkerheitsmessige grunnar.

3.9 Reaksjonar ved brot på reglene

Brot på orden- og oppførselsreglane vil kunne føre til disciplinärsak og kan utløyse reaksjonar slik som beslag av våpen/farleg gjenstand, åtvaring, erstatning, bortvising eller utvisning.

4 Rusmidlar

4.1 Alkohol

Det er ikke tillat å oppbevare eller drikke alkohol på skulen eller skulens sitt område. Om det blir oppdaga at du oppbevara alkohol innanfor skulens område vil dette bli beslaglagt.

Dersom du har inntatt alkohol må du ved tilbakekomst til skulens område returnere til rommet ditt, og ikke opphalde deg i skulens fellesareal. Bruk av alkohol utanfor skulens område som medfører uønskt åtferd overfor skulens elevar, tilsette eller andre akseptera ikkje.

Sjå skulens eige reglement for studieturar/utflukter i skulens regi.

4.2 Ulovlege rusmidlar mm.

Det er eit absolutt forbod mot å bruke, omsette eller oppbevare ulovlege rusmidlar på skulen. Det same gjeld omsetning av reseptbelagte legemidlar og dopingmidlar.

4.3 Røyk og snus

Fjordane Folkehøgskule er ein røykfri skule. Røyking skal berre gå føre seg på anvist plass. Dette gjeld også bruk av e-sigaretter, røykelse, vann pipe og liknande.

Bruk av snus eller andre tobakksvariantar er ikke tillat i undervisningstida.

Omsetning av røyk og/eller snus er forbode.

4.4 Reaksjonar ved brot på reglene

Brot på skulens rusmiddelreglar vil kunne føre til disciplinärsak som kan resultere i beslag, advarsel, bortvising eller utvisning. Brot på reglene om ulovlege rusmidlar mm. kan i tillegg føre til at skolen tar kontakt med politiet.

5 Forsikring

Elevar som er norske statsborgarar, har yrkesskadeforsikring gjennom NAV.

Elevane er forsikra mot ulykkeskade når de oppheld seg på skulen sitt område, ved reiset til/frå heimen, i forbindelse med feriar og kortare heimreiser, og når de deltar på turar i regi av skulen.

Fjordane Folkehøgskule har teikna ein kollektiv reiseforsikring gjennom Kniff Forsikring.

Du oppfordrast til å sjekke om du må teikne eigen innbo- og verdigenstandsversikring for å sikre personlege eigedelar (utstyr, verdigenstandar og medbrakt inventar mv.). Skulen er ikke ansvarleg ved tjuveri eller tap av eigedelar i løpet av skuleåret.

6 Internett og sosiale medier

6.1 Generell bruk

Bruk av mobil og nettbrett i undervisning eller liknande er ikkje tillat utan avtale med lærar.

Samtykke til å publisere bilder og film

Bilde og filmar som skulens tilsette tar av elevane og/eller deira arbeid i forbindelse med undervisning, studieturar og liknande og elevarbeid, kan etter samtykke bli brukt til å marknadsføre skulen i brosjyrar/katalogar, på skulen sine nettsider og i sosiale medier (f.eks. skulens Facebook, Instagram, Snapchat og TikTok-konto).

6.2 Regler for samtykke frå andre personar

Det er forbode å dele/publisere bilde og filmar av andre elever eller tilsette ved skulen utan deira samtykke.

Brot på forbodet kan føre til disiplinærsak og i alvorlege tilfelle politianmeldelse.

7 Studiereiser

Skulereglementet gjelder også på studiereiser. Skulen har i tillegg et eige reglement for reiser. Brot på reisereglementet blir tatt opp på reisa av reiseleiar. Alvorlege og/eller gjentatte brot på reglementet vil kunne føre til disiplinærreaksjonar, og du risikerer å måtte koste heimreise sjølv.

8 Disiplinærreaksjonar

8.1 Disiplinærrådet

Folkehøgskoleloven § 5 regulerer behandlinga av disiplinærsaker. Med disiplinærsaker meinervi saker der det er brot på skulereglementet.

Skule sitt styre har vedtatt at disiplinærrådet skal bestå av rektor, inspektør og kontaktlærar. Saksbehandling i disiplinærrådet er underlagt reglene i forvaltningslova kapittel IV, V og VI.⁵ Du kan klage på vedtak frå disiplinærrådet til skulens styre, sjå punkt 8.4.

8.2 Reaksjonar/konsekvensar ved brot på skulereglementet

Ved brot på skulereglementet kan skulen iverksette ulike reaksjonar. Reaksjonen må være heimla i reglementet og skal stå i rimeleg forhold til regelbrotet, og skal komme så nær regelbrotet i tid som mogleg. Gjentatte brot på skulereglementet vil kunne vurderast som skjerpande.

Brot på skulens reglement kan medføre følgande reaksjonar (som kan kombinerast):

- Munnleg åtvaring ved mindre regelbrot
- Skriftleg åtvaring
- Beslag av gjenstand
- Utbetring av skade
- Erstatning
- Bortvising frå undervisning for en bestemt periode
- Bortvising frå internat for en bestemt periode
- Utvisning og tap av skuleplass
- Politianmeldelse ved straffbare forhold

Følgjande brot på skulens reglement tel som alvorlege og vil føre til disiplinærsak:

⁵ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

- Manglende betaling av skulepengar
- Omfattande udokumentert fråvær
- Vald og truslar
- Rasisme, mobbing og trakassering
- Seksuelle overgrep
- Tjuveri
- Hærverk
- Bruk av våpen eller andre farlege gjenstandar i strid med instruks
- Bruk eller oppbevaring av alkohol eller ulovlege rusmidlar

Lista er ikkje fullstendig, og disciplinærsak kan oppretta også ved andre typar brot.

Utvisning forutset kvalifiserte eller gjentatte brot på skolereglementet. Bruk eller oppbevaring av ulovlege rusmidlar, vald og seksuelle overgrep vil normalt føre til utvisning. Alvorlege tilfelle av rasisme, mobbing og trakassering (her under seksuell trakassering) vil også normalt medføre utvisning.

Vedtak om bortvising og utvisning av elever er å sjå på som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og krev 2/3 fleirtal i disciplinærrådet. Eleven skal har høve til å forklare seg munnleg for disciplinærrådet før eventuelt vedtak blir fatta. Retten til å forklare seg munnleg gjeld ved alle typar reaksjonar.

Ved bortvising må eleven forlate undervisninga/og eller skolens område i heile bortvisningsperioden.

Ved utvisning misser eleven skuleplassen og moglegheit til å opphalde seg på skulen sitt område resten av skuleåret. Eleven vil også miste retten til vitnemål.

8.3 Saksbehandlingsregler i disciplinærsaker

Sakshandsaminga i disciplinærrådet er underlagt reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VI.⁶

- Disciplinærrådet innhentar nødvendige opplysningar i saka
- Disciplinærrådet vurderer sanksjon/videre oppfølging
- Dersom disciplinærrådet vurderer å gjennomføre eit enkeltvedtak skal eleven få et førehandsvarsle. I førehandsvarselet skal saken grunngjevast, og eleven opplysast om sin rett til å uttale seg for disciplinærrådet, retten til å la seg bistå, og retten til innsyn i saken sine dokumenter.
- Disciplinærrådet fattar eventuelt eit enkeltvedtak

Alle vedtak i disciplinærrådet skal være skriftlege og skal grunngjevast. Vedtaket skal innehalde opplysningar om elevens moglegheit til å klage på vedtaket, sjå punkt 8.4. Fristen for å klage ertre veker frå det tidspunkt kunnskap om vedtaket er kome fram til eleven. (Ref. Forvaltningslova Kap IV, V og VI)

8.4 Klagerett i disciplinærsaker

Eleven har moglegheit til å klage på vedtak i disciplinærrådet. Klagen skal være skriftleg, sei kva vedtak ein klagar på, og innehalde ei skildring av kva ein klager over og kva ein ber om. Klagen skal være underteikna av eleven og/eller elevens føresette/verge dersom eleven ikkje er myndig og sendes til disciplinærrådet.

Disciplinærrådet skal foreta dei undersøkingar klagen gir grunn til. Dei kan oppheve eller endre vedtaket dersom dei finner klagen grunngjeven. Dersom vilkåra for å behandle klagen ikkje føreligg, skal disciplinærrådet avvise klagen. Dersom vilkåra føreligg og disciplinærrådet opprettheld sitt vedtak, går saken videre til skulen sitt styre.

⁶ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

Skulens styre er skulens øvste myndigkeit, jf. folkehøgskulelova § 2. Ved klage på et vedtak frå disiplinærrådet, er styret klageinstans. Ved behandling av klagen skal styret vurdere dei i synspunkt som eleven kjem med, og foreta dei undersøkingane klagen gir grunn til. Dersom styret finner klagen grunngjeven, skal vedtaket opphevest eller endrast.

Folkehøgskular reknast etter forvaltningslova som forvaltningsorgan i saker kor skulen utøver offentleg myndigkeit og treffer enkeltvedtak. Forvaltningslovas regler i kapittel IV, V og VI gjelder ved styret si klagebehandslaming.

9 BRANN OG TRYGGLEIKSROUTINAR

Fjordane Folkehøgskule har eigen branninstruks, denne blir gjennomgått med alle elevar ved skulestart.